

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 70.

Fylke: Møre &amp; R.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Haram.

Emne: Frå robåt og segl til motor

Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Karl Rogne

Gard: Rogne.

(adresse): Longva.

G.nr. 7 Br.nr. I.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eige vitende.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Frå gammalt var det desse baatane: færingen, trirøring<sup>firirøring</sup> og ottringen. I grunnen var det aarepari som gav namn til trirøring og firrøring.

Sjølve skapet, typen um ein vil, var den same frå færingen til ottringen. Frå gammal tid vart alle baatar, me brukte, bygde i Bjørkedalen paa Sunnmøre. Daa torer det vera rimeleg, at typen vart noko so nær den same for alle storleikar. Det spørst, um ikkje denne baattypen hev sitt opphav frå vikingetidi med sine sermerkte baatar, i alle høve i sine grunndrag.

Færingen var vanleg 10-11 alen lang. Her maa eg kanskje ~~ne~~ nemna noko som torer vera mindre kjent. Baatlengdi vart alltid mølt etter baaripi, ikkje stammillom. Alni var paa 21 tumar, ikkje 24 som vanleg. Denne alni kalla dei "sølands aln" til skilnad frå den vanlege alni.

Det var vanleg aa ha tvo færingar, ein med den vanlege lengd og ~~aa~~<sup>ein</sup> noko lenger og tilsvarande breidare og djupare. Den nemndest stor-færing. Den og hadde tvo aarepar. Ein mann rodde jamnt med tvo aarar, derav ordet aarepar.

Den mindre færingen var mest brukt til snaaperend, ofte med ein mann. Storfæringen var brukt til lengre ferder, og so til notbaat for kaste- og mortenot.

Sume hadde tvo trirøringar og, ein minder paa ca. <sup>14 alner</sup> alner og ein noko større. Den vart kalla stor-trirøring. Byggemaate og skap var den same for færingar og trirøringar. Det var berre storleiken som skilde.

Trirøringane med sine tri aarepar var nærast rekna som trimannsbaatar. Sløvsagt hadde dei eitt rom meir enn færingane, og <sup>Stortrirøring</sup> var valeg 15-16 alner lange. Dei var mest brukt til skjussbaat, førslebaat, søkkjenot baat o.m.s.l.

Firrongen (firroingen) hadde som namnet segjer 4 par aarar. Denne baaten var mykje brukt som fiskebaat um sumaren ute paa "grynnom", som dei sa. Desse fiskeplassane laag umlag midveges millom land og Storeggi, innum Langgrynnssøyla.

Aattringen el. ottringaen var største baaten upp til 27-28 alner lang med 5 aarepar og vanleg 8 mann under fiske-drifti. Dette var namni paa dei ymse avdelingane i ottringen, rekna fraa framstammen: Forstova, framskuten, kjemperomet, romet, storsigleromet (der stod mastri), litesigleromet (austre romet), bakromet og bakskuten.

I ottringen hadde kvar mann sin faste plass. Tvo va dei ~~stærk~~ sterkaste karane var i kjemperomet. Dei hadde aa stella med det tunge seglet under sigling. Dei skulde "draga" seglet fram paa stammen (d.v.s. penta det godt til, so det stod stramt) og so akta paa dei tvo handsyfti i hard sigling. I romet og <sup>2</sup>stosigleromet var det tvo mann i kvart. Dei hadde aa bera um siglesteinen for kvar baut, "kvessa" mastri, som dei sa (spenna mastri mot lu), heisa og fira seglet og bera um bakskautet under kryssing. Ein mann var i litesigleromet. Han stod for austeren og bar um siglestein. Naar dei kryssa, laut dei flytta siglesteinen fra fraa le til lu. Paa baktofta sat styremannen, som hadde styrevolen og bakskautet aa akta paa. Under kryssing laut han bak til stammen og bera um volen. Styremannen var føraren og hadde kommandoen yver det heile.

Ottringen var ein skarp bidevidsiglar. Seglet var "sneise-  
segel", breidt ned, so det rakk fraa framstammen bak til litesigleromet. I øvre enden var det smalt, og der var raai. Til raai var draget og rakken fest. Dette seglet var utenleg til kryssing. For kvar baut, laut seglet heilt ned i baaten. Daa laut karane vera svinj kvar med sitt arbeid. Det var aa bera bakskautet fram um vanti og bak til styremannen med han bar um volen, bera um raai og rakken, vessa mastri, bera um siglesteinen, medan kjempemennene drog framskautet paa framstammen og strekkja godt seglet som vart heist, so det stod godt til vinden. Alt dette maatte gaa rapt fyre seg, elles dreiv baaten for mykje av, flatbotna som han var, so dei tapte høgd. Naar kvar gjorde sitt fort og godt, gjekk det utruleg fort aa gjera baut. Var det rivings vind, som dei sa, laut seglet firast ned eit riv eller fleire. Han som hadde med rakken aa gjera, laut vera snar aa faa denne kring mastri og festa den paa raai att, so seglet fylgde mastri. I rakken maatte raketraassa vera greid.

III.

Godfar fortalde, at han tvo gonger siglde ottringen tom for sjø. Vart baaten fyllt av ein brotsjø, var det sumtid einaste raadi aa faa upp seglet og setja beint undan vinden. So snart baaten "kjende seglet", som dei sa, letta han seg upp framme, so sjøen i baaten for attyver bakskuten. Ilag med sjøen for fisken og alt som laust var yver bord. Litlesiglemannen laut passa paa, at auskjeri ikkje for sin veg. - Diverre gjekk det ikkje alltid so vel. Mang ein gong kollsiglde dei. Daa var det ei trøyst at ottringen sokk ikkje. Naar baaten kvelvde, rynde siglesteinen or han, so han flaut med kjølen upp. Mannskapet prøvde daa koma seg upp mot kjølen og halda seg fast. Vilde ikkje baaten liggja i ro, slo dei inn nygla, so lufti kom ut. Daa laag han role-gare. Var baatar i nærmunom, vart mannskapet ofte berga fraa kvelvet. Altfor ofte vart det ikkje berga, so mang ein laag att der ute.

Under hard sigling sette dei fyre dreglane. Det var eit 6 tumar breidt bord, som rakk fraa hakket ved kjempetofta til hakket ved baktofta. Dreglane stod paa utsida av keipane og hekta fast innanbords med kroker.

I ottringen var det alltid tvo auskjerr: det store bordauskjerret og det mindre skvettauskjerret.--

Aa kryssa i trongt farvatn var ottringen med seiseklet lite tenleg. Daa strika dei heller seglet, la ned mastri og sette seg fyre aarane. Det skulde sjaa muske ut, um dei ikkje tok seg fram med aarane i smul sjø, kor vinden bles. Det hende til med dei tok av sg sjøhattane, so vinden ikkje fekk heftetak der. -

Same seglbunaden hadde dei mindre baatane (ogso feringen), men sjølv sagt avmaata etter baatstorleiken,

Ottringen var brukt i torskefiskja baade under garn-, line- og snørebruk. Ogso til Storegg-baat. Daa var han sumtid ekstra rigga. Attaat det sture seglet, som hørde haaten til, rigga dei til ei trirøringsmaster paa baktofta og ei feringmaster framme i forstova. I maatsam vind sette dei alle tri segli til, og daa gjorde ottringen den 10-12 norske mil lange Storegg-vegen paa 4 timar. Daa smaug han fint. Storeggfisket var drive um sumrane med snøre (djuvsogn). Dette fisket trong kanskje sin eigen umtale, men det hev kanskje ingi interessa. Resten av aaret stod ottringen i naustet. Men var det brudlaup paa garden eller i grendi, laut ottringen or naustet og vera brudabaat. Mangmennt som dei daa var, gjekk det kjapt og lett aa faa baaten baade ut or naustet og inn att.

Under sigling og fiskedrift var det styremannen som hadde kommandoen. Ved sigling hadde han til vanleg visse, ~~kas-~~ kvasse kommando ord. Auka vinden t.d. sette han i: Sjaa fram! Eller: "Kvar sitt!" "Set", dersom selføringi skulde minkast. Og "Vitt"! naar det skulde strekkjast uppatt.

Eg tek ikkje med dei ymse fiskemaatar og vegnslag paa desse fiskebaatane. Det vil føra nokso vidt.

Utgytet av fiskedrifti vart delt i luter, ein paa kvar kvar mann og vanleg ein lut til Otringen. Ein <sup>ny</sup> ottring med segl <sup>a</sup> eg reide kosta umlag 100 dalar. Var dei heldig ei torskefiskja, kunde baaten betala seg paa ei fiskja, so det var ikkje aa undra seg paa, at dei som sat godt i det, kunde eiga tvo ottringar. Ottringen med aarar, segl og reide vart halden i god stand. Kvar eigar sette si era i det.

For trøysemd tek eg med denne gaata um Sunnmørs-Ottringen:

Som ei laave vid, (sjølve baaten)  
 som ein skinnstakk sid, ( seglet)  
 som eit merra fø, (mastri)  
 som eit rekling sø, ( vant) <sup>ho</sup>  
 som ein skjering paa lag, (hankane paa seglet)  
 som ein langfredag. (lengdi paa baaten.)

Fraa kring 1885 tok sume til aa leggja skandett paa ottringen <sup>to</sup> aa gjera den sterkare. Samstundes fekk han ny seglføring. Seiseglet med ei master vart utskift. I staden vart han rigga med tvo mastrer (tvopinnar, som dei sa) med klyver, stafokka, storsegl og mesan. Pas denne maaten vart Ottringen lik möringsbaaten som no kom med latinseglrigg. Den var stuttare, breidare og sterkare bygd enn Ottringen, som skulde vera "mjuk" under sigling.

I 1890-aari la sume heilt dekk i den umrigga ottringen, som daa vart oppripa med minst ei bordbreidd. Men det syn-te seg med kvart, at denne baattypen var for mjaa og veikbygd til den sterkare fiskedrifti, serleg daa storsildfisket tok til med drivgarn um haustane og vintrane. Denne drifti kravde baade større og sterkare baatar. Dette vert umtala seinare i samband med motoren.

Nokon eigentleg planfast opplæringsmaate i yrket kann ein snaudt tala um i mine bygder og paa Sunnmøre i det heile. Gutungane var van med baat fraa dei var neven stor. Tidt og ofte var dei med paa havet, so dei tidleg fekk god greide paa alt som hørde baaten til attat det, dei fyrr visste. Her fekk dei sjaa baat og vegn i drift, og fekk lærdom.

Naar ungguten var konfirmert, fekk han "ro fiskja", fyrste aaret, og kanskje det <sup>and</sup> med, som <sup>tv</sup>ogarnsmann, sidan som

lutamann. Han fekk vanleg lettaste arbeidet i baaten og under arbeidet elles i den, med han var tvogarnsmann. Umlag utan undantak var ungguten med far sin paa baaten, fyrste aari til vissa, og daa er det bra lett aa skyna seg til resten utan nærare forklaring.

Dette med skaarungen høyrer Lofoten til. Her er baade ordet og umgripet, det dekkjer, lite eller inkje kjent.

Hansing tala dei gamle um, no berre for spøk. Fyrst gong ein kom til byen t.d. skulde ein hansa. Han skulde spandera ei flaska brennevin til hansing. Dette er det longe slutt med. Sameleis andre vipr og merke. Her kann eg kanskje syna til dr. philos. Svale Solheim: "Nemningsfordomar ved fisket."

#### Motoren kjem.

II. Den fyrste som kosta motor i fiskebaat paa Skuløy, var Knut Johannsson Longvanes i 1902. Det var ein Rapp-motor paa ca. 5-6 HK og kosta kring 2.000 kr. Knut J. Longvanes er fødd paa Longvanes den 19. sept. 1869 og lever enno. Knut var interessert i aa prøva det nye som melde seg, og som kunde vera til framhjelp paa ymis vis. Men han var so visst ikkje aaleine um dette. Alt i 1903 og 1904 fekk mange innsett motor i fiskebaatane sine. Det vart slik rift um motorar, at fram til 1910 hadde mest alle fiskebaatar i Haram innsett motor. Det gjekk mest som ei farsott.

Straks kom fleire motormerke i bruk her. Utanum Rapp-motoren som alt er nemnd, og som gjekk nokso snart ut, er aa nemna Dan-, Gideon- og Alpha-motoren. Alle desse var paa 6-8 HK i dei fyrste aari og var nærast rekna som hjelpe-motorer under sjølve fisket og i stille ver. Baatane hadde full seglføring i denne tidi.

Kvart motormerke hadde tilsette agentar av bygdefolk, og dei var jamnast møntørar og, eller dei leigde seg slike i bygdi. Det gjekk ikkje lenge fyrr snart sagt kvar unggut var so motorkunning, dei kunde styra og stella ein motor paa forsvarleg *mate*.

Skal sannt segjast, var alle dei som fyrst kosta seg motor, opplyste og velakta menn i bygdesamfundet. Mange av dei var med i heradstyret. Eit par (Knudt O. Otterlei og Ole K. Flem) vart baade ordførarar og stortingsmenn.

Utruleg fort grodde det upp smaa motorfabrikkar rundt i kring i distriktet. Dette auka enn meir kjennskapen til motoren. Av bygdeagentar og montørar nemner eg Ludv. Vestre for Dan og Knut L. Nogva for Gideon, o. fl.

Vanleg vart motoren kjøpt, noko med eigne pengar, noko med laa i bank mot pant i fast eigedom eller godtekne kausionistar. Storparten av baateigarane var og bønder, so dei var vanleg ikkje ille komne med aa skaffa banktrygd.

Snart synte baade ottringen og möringsbaaten seg for smaa og mjaa i den harde fiskedrifti som no vart. Det gjeld ikkje minst storsildfisket som no tok til haustane og varde fram yver vinteren. Dette fisket kravde større og sterkare baatar. Dei eldre baattypone vart avlegs og lite tenlege. No gjekk fiskarane yver til dei sterke kraelbygde baatane med klipperbaug og hekk, men ed dei auka og motorstorleiken. Ein kann mest ikkje tala um trinvis stiging. Den eine vilde ha større og sverare baat og motor enn den andre. Ein kann mest tala um kapping.

For aa gjera ei lang historie kort, so er baatstorleiken vokse og vokse til den no er millom 60 og 100 fot og vel det med stundom. Same vegen hev det gjenge med motoren og. Den ymsar no millom 100 og 250 HK. Dette er sjølvsgagt kostesame baatar, som nokso vanleg hev laan i Statens Fiskarbank. Med kvart vart dei sterke kraelbygde baatane ute for kolfyr, noko ein ikkje visste av med klinkerbygde baatar. - Fraa kring 1950 byrja dei kosta staaalbaatar i staden for trebaatar for skuld kolfyren. Staaalbaatane hev jamnt ranbaug og kryssarhekk. - Paa motorumraadet er vel dieselmotoren i fiskebaatar det nyaste nye.

At motoren vart godt mottoken, syner klaarast den mengd

VII.

motorar som vart innst<sup>tt</sup> i fiskebaatar berre fraa 1902 til 1910. Sidan hev motoren vore like viss som baaten. Alle er velnøgd<sup>n</sup>e med den og maa ha den, kv<sup>n</sup>a den kostar.

At motoren skal skre<sup>n</sup>na fisken, held fiskarane her for tøv og tull. Det er fiskarane i Nord-Noreg som hev trutt slikt. For fiskarane her er ikkje fengd eller plaga av yvertru, som maa ha si rot i vant paa sann folkeleg opplysning. Eg veit ikkje anna enn svara nei til spursmaali sist i dette avsnitt. Eg er freista bruka so sterkt ord, at motoren vart motteken med entusiasme av fiskarane her.

III. Um dette avsnitt er stutt aa segja, at skipnaden paa ein motorbaat er umlag den same som fyrr. Føraren for motorbaaten hev kommando<sup>n</sup>en yver baat og mannskap baade under gang og fiske. Ein er sett til aa stella motoren, endaa um baade føraren og fleire av mannskapet kann stella den. Dei stend soleis ikkje oppradd, um noko skulde koma til motormannen. Mannskapsmengdi rettar seg noko etter baatstorleiken og noko etter det fiske ein driv. Fiskedrifti er no so hard, at ein mann sjeldan stend lenger i den enn til 65-aars alderen. Sume ikkje so langt ein gong.-

IV. Under dette kapitel torer det vera nok aa syna til det som fyrr er sagt um baatar og baattypor. Andsynes reidskap maa ein segja ymse slag snurpenøter er fraa nyare tid. Det nyaste er vel nylontraad til garn og nøter.-

Som ein vil sjaa, hev eg halde meg mest til dei eldste baattypone, serleg daa til Ottringen, fordi den er komen so langt att i tidi, at dei fleste berre hev høyr<sup>t</sup> namnet, men heller ikkje stort meir. Sjølve utgreidingi hev eg teke so stutt som raad. Ei meir fullstendig utgreiding um denne baaten og fiskedrifti den var brukt til, trong truleg verta ein god mun lenger.- Baatane no ligg so nær<sup>n</sup>o-

VIII.

tidi, at eg totte det var rett aa taka det i stuttmaal,  
so mykje ein ser yvergangen fraa det gamle til det nye.

*Halvrogne*